ALVER KOMMUNE

Hjelmås Vvs As
Torvhusmyrane 2
5913 EIKANGERVÅG

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: Ref.:U33SFK-Skjemanr.:3935 | Linda Hammersvik Folkestad | 16.12.2022 |
| Vår: 22/7546 - 22/95991 | linda.folkestad@alver.kommune.no | |

# Foreløpig svar på ferdigmelding - gbnr 214/38 Fyllingsnes

**Tiltak:** Tilknyting kommunalt vatn, privat utslepp godkjent 30.06.2021
**Byggjestad:** Litlevågsbrotet 32 – Gbnr 214/38
**Tiltakshavar:** Niklas Krake
**Ansvarleg søkjar:** Hjelmås VVS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad

**Mottakskontroll**
Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Før vi kan handsame søknad om ferdigmelding skal rørleggarmelding være godkjent og tilknytingsgebyr betalt.

2. Før vi kan handsame rørleggarmeldinga må vi ha følgjande dokumentasjon:
   Det må sendast inn oppdatert situasjonsplan som viser leidningsnett frå veggliv og fram til tilknytingspunkt på kommunal vassleidning.

   Det må sendast inn tinglyst erklæring om rett til å legge privat vassleidning over annan manns grunn. Leidningsnett er lagt over fleire eigedomar der ein må innhente rettigheit.

   Det må sendast inn ny tinglyst avtale om felles solidarisk ansvar for den del av privat leidningsnett som vert felles fram til tilknytingspunkt på kommunal vassleidning.
   I tinglyst avtale som er sendt inn i saka er ikkje alle eigarane av leidningsnettet teke med i avtalen.

   Det må sendast inn bunnleidningsplan for bustad med kjellarhusvære

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 02.02.2023. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

**Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.**

**Sakshandsamingsfrist**
Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

**Gebyr**
Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Vi ber om manglane vert sendt inn slik at vi kan handsame tilknytingssøknad og sende ut tilknytingsgebyr.

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn-avløp-forvaltning

| | |
|---|---|
| Arne Helgesen | Linda Hammersvik Folkestad |
| Avdelingsleiar | Ingeniør |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Byggesak v/sakshandsamar | | | |
| Byggesak v/sakshandsamar | | | |
| Niklas Krake | Litlevågsbrotet 32a | 5913 | Eikangervåg |

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Hjelmås Vvs As | Torvhusmyrane 2 | 5913 | EIKANGERVÅG |